



Norske Hus Boligsystemer AS
Anders Dalland
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3331 - 14/14260

Saksbehandlar:
Nina Bakanova
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2014

Endring av ansvarsrett i gitt løyve - gbnr 188/789 Gjervik ytre - bustad

Administrativt vedtak. Saknr: 119/14

Omsøkte tiltak

Ronny Nilsen og Hege Torvund har i søknad stempla motteke 23.05.2014 søkt om endring av løyve mottatt 03.05.2013. Endringa gjeld ansvarsrett for ansvarleg søkjar og utføring av tømrrarbeid, montering av trekonstruksjonar og ventilasjon. Det er Norske Hus Boligsystem AS som skal ha ansvarsrett som ansvarleg søkjar og utføring av tømrrarbeid og ventilasjon.

Saksutgreiing:

Løyvet gjeld endring av løyve gjeve 03.05.2013 i sak 2013/1585 . Følgjande tidligare godkjent dokumentasjon går ut som følgje av endringsløyvet:

1. Gjennomføringsplan, motteken 30.04.2013.

Walde Hus var godkjent som ansvarleg søkjar og føretak ansvarleg for utføring av tømrrarbeid, trekonstruksjon og ventilasjon i løyve av 03.05.2013. Walde Hus er konkurs. Norske Hus Boligsystem AS overtar ansvarsretten som ansvarleg søkjar og for utføring av tømrrarbeid, trekonstruksjon og ventilasjon på tiltaket frå og med 09.01.2014. Dei arbeidar som står att å utføre for Norske Hus Boligsystem er å ferdigstille innvendige arbeidar og montere utvendige dørar.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.



Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det godkjent søknad om endring av løyve mottatt 23.05.2014 på følgjande vilkår:

1. Norske Hus Boligsystem AS overtar ansvarsrettar som ansvarleg søker for ferdigstillelse av tiltaket og ansvarsrett for tømrrararbeid og montering av trekonstruksjonar og ventilasjon f.o.m 09.01.2014.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Funksjon	Føretak	Org.nr	L/S*	Tlt.kl	Ansvarsområde
SØK	Norske Hus Boligsystem AS	976960823	S	1	Ansvarleg søker
UTF	Norske Hus Boligsystem AS	976960823	S	1	Tømrrararbeid, montering av trekonstruksjonar og ventilasjon

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3331

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

